


Samnanger
– der du vil leva og bu



Samnanger kommune

Handlingsplan for vaksne personar med nedsett funksjonsevne 2008 - 2011



Vedteken i Utvalet for oppvekst og omsorg sak nr. 19/08 16.09.08

INNHALD

	side
1 Innleiing	3
2. Avgrensingar i planen, definisjonar sentrale omgrep	3
3. Mål for arbeidet med planen	5
4. Brukarmedverknad	5
5. Bustad	6
6. Opplæring	8
7 Arbeid og aktivitetar på dagtid	9
8. Fritidsaktivitetar	11
9 Handlingsplan	14

Vedlegg

- **Prosedyre for arbeidet med individuell plan**

1 Innleiing

I oktober 1998 vedtok kommunestyret i Samnanger ”Plan for vaksne funksjonshemma sitt heilskaplege tilbod”. Som ei oppfølging av den gir me no bustadtilbod med heildøgnsbemanning for 6 brukarar, og eit samordna tenestetilbod til personar med ulik grad av nedsett funksjonsevne.

Mykje har endra seg sidan planen vart laga. Stikkord kan vera: Samfunnet sine haldningar overfor funksjonshemma, omfatta lovgjeving med detaljerte forskrifter, nye omgrep som brukarmedverknad og brukarstyring.

Oversikten vår viser at det i tida framover vil koma fleire personar med nedsett funksjonsevne i Samnanger som krev hjelp av kommunen. Me ser at me alt i dag ikkje klarer å gje eit godt nok tilbod med dei etablerte ordningane ut frå den einskilde sine behov. Me meiner og dagens organisering med heildøgnsstilbod to stader gir oss ein uøkonomisk drift.

2 Avgrensingar i planen, definisjonar og sentrale omgrep

Planen, og ikkje minst dei foreslåtte tiltaka er i hovudsak konsentrert rundt personar med omfattande hjelpebehov. Me har størst fokus i planen på aldersgruppa 18 – 67 år. Dette fordi kommunen sine største utfordringar vil liggja her. Både når det gjeld bustad, dagtilbod / arbeid, vaksenopplæring og fritidstiltak er det i denne aldersgruppa stor trong for planmessige løysingar.

Tiltak som kan gjera kvardagen betre for personar med noko redusert funksjonshemming vert berre i liten grad tekne opp i denne planen. Denne type tiltak vert ivareteke gjennom planar som omfattar innbyggjarane i kommunen generelt eller i andre spesifikke planer. Personar med nedsett funksjonsevne over 67 år er ikkje tekne med i denne planen, då dei er omfatta av plan for pleie- og omsorgstenestene. Personar med psykiske lidningar er heller ikkje målgruppe for denne planen då det er utarbeidd eigen plan for personar med psykiske lidningar. Barn og unge under 18 år er omfatta av generelle planar som t.d. kulturplan, kommuneplan og i meir spesifikke planar som vedkjem barn og unge direkte, verksemdsplanar for den einskilde skule og plan for helsestasjonsarbeidet.

Definisjonar

I Regjeringa sine handlingsplanar for personar med nedsett funksjonsevne vert følgjande definisjon nytta:


Funksjonshemming er eit mishøve mellom individet sine føresetnader og krav frå miljøet og samfunnet si side til funksjon på område som er vesentlege for å etablera og halda ved lag eit sjølvstendig og sosialt tilvere.

I tillegg er funksjonshemming her meint å vera av varig karakter.

St.meld. nr. 23 „Funksjonshemmet i samfunnet (1977-78) definerar funksjonshemma slik:

Funksjonshemma er den som på grunn av varig sjukdom, skade eller lyte, eller på grunn av avvik av sosial art, er vesentleg hemma i den praktiske livsførselen sin i høve til det samfunnet som omgir han. Dette gjeld utdanning, yrkesval og yrke, fysisk og kulturell aktivitet.

Definisjon av funksjonshemming er ”relasjonell”. Den tar utgangspunkt i tihøvet mellom individets funksjonsevne og dei krav som både fysiske og sosiale omgjevnader stiller til den einkilde i ulike faser av livet.



Personar med nedsett funksjonsevne sine levekår

Det vert ikkje ført statistikk over tal funksjonshemma i Noreg. Dei fire siste levekårsundersøkingane (SSB) har vurdert tal personar (16 år og over) med funksjonshemmingar (nedsett syn, hørsel og bæreevne, rørslehemma eller arbeidsufør) til å vera 17 – 20 %.

I NOU 1993. 17 ”Levekår i Noreg” vert fylgjande funn presentert:

- Funksjonshemma er oftare sjuke enn andre. Dei har eit høgt forbruk av helsetenester, ein større del seier dei har dårleg helse, og det er fleire med psykiske problem.
- Funksjonshemma bur stort sett lik andre, men ein stor del har praktiske problem i høve til eigen bustad.
- Funksjonshemma bur oftare åleine.
- Unge vaksne funksjonshemma bur oftare saman med foreldra.
- Funksjonshemma mottar mykje hjelp frå private, som oftast av husstandsmedlemmer.
- Funksjonshemma kan ha store vanskar med å ta del i lagsarbeid og fritidsaktivitetar, og dei reiser sjeldnare på ferie enn andre.

Generelle rammer og føringar for handlingsplanen

Kommunen er gjennom Lov om sosiale tenester tillagt ansvaret for tenestetilbodet til personar med nedsett funksjonsevne. I tillegg er det ei rekke andre lover som er avgjerande for tilbodet til dei funksjonshemma. Lov om helsetenester i kommunen, lov om folketrygd, forvaltningslova, plan- og

bygningslova, lov om grunnskulen, lov om psykisk helsevern og lov om sjukehus for å nemne nokre.

Hovudansvaret for dei samordna tenestene til funksjonshemma i Samnanger kommune er lagt til eining for pleie- og omsorg.

3. Mål for arbeidet med funksjonshemma.

Visjonen til Samnanger kommune nedfelt i kommuneplan 2007 - 2017 er

Samnanger der du vil leva og bu.

Eit av delmåla i kommuneplan er særleg aktuelt for handlingsplan for vaksne personar med nedsett funksjonsevne:

Alle skal oppleva at dei tilhøyrer eit sosialt og inkluderande fellesskap.

I handlingsplanen for funksjonshemma er følgjande hovudmål lagt til grunn

Det skal arbeidast aktivt for at personar med nedsett funksjonsevne i Samnanger kommune skal ha eit verdig liv. Dette gjeld på område som bustad, opplæring, arbeid og fritidsaktivitetar.

4. Brukarmedverknad

Brukarmedverknad er å forstå slik at den som vert omfatta av eit vedtak eller er brukar av tenester har innverknad på vedtaksprosessen og utforming av tenestetilbodet. Funksjonshemma, som ofte er storforbrukarar av m.a. helse-, sosial- og pleietenester gjennom store delar av livet har større behov enn mange andre til å kunna påverka utforminga av hjelpeapparatet då det påverkar dagleglivet deira i stor grad.

Brukarmedverknad må forståast som meir enn ein demokratisk rett. Brukarmedverknad vil vera med å sikra kvaliteten på tenestene, og det er ei overføring av erfaringsbasert kunnskap frå brukaren til beslutningstakar og tenesteytar. Dette gjeld både om det kjem frå den einskilde brukar eller frå organisasjonar av funksjonshemma.

4.1. Individuell plan

Pasientrettighetslova § 2-5 og sosialtenestelova § 4-3a heimlar retten til individuell plan og inneber at personar som har behov for langvarige, samansette og koordinerte tenester har rett til å få utarbeida ein individuell plan. Tenestemottakaren har rett til å delta i arbeidet med sin individuelle plan, og det skal leggjast til rette for dette. Pårørande skal trekkjast inn i arbeidet i den utstrekning tenestemottakaren og pårørande ønskjer det. Utforming av individuell plan kan vera eit verkemiddel for å plassera ansvar og oppgåver mellom ulike tenester og nivå.

Kommunefysioterapeuten er koordinator for individuell plan i Samnanger kommune. Vedlagt denne planen er prosedyren vår for arbeidet med individuell plan.

4.2 Kommunalt råd for personar med nedsett funksjonsevne

I juni månad i 2005 vedtok Stortinget "Lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne". Det er utarbeidd retningslinjer for slike råd der det er streka under kor viktig det er med eit aktivt samspel mellom styresmaktene og dei funksjonshemma sine organisasjonar.



Kommunestyret i Samnanger oppretta råd for personar med nedsett funksjonsevne i 2005. Rådet fekk slikt mandat

- Vera med å sikra open, brei og tilgjengeleg medverknad i arbeidet med saker som er særleg viktige for menneske med nedsett funksjonsevne.
- Gje uttale i saker som t.d. omfattar tilkomst, arbeid mot diskriminering på grunnlag av nedsett funksjonsevne

I tillegg kan rådet sjølv ta opp saker som er av interesse for denne gruppe menneske.

MÅL for brukarmedverknad:

- Brukaren skal takast aktivt med i utforminga av tenestetilbodet sitt.
- Kommunen skal vera pådrivar for at det vert utarbeidd individuelle planar.
- Funksjonshemma sine moglegheiter til å påverka kommunalt arbeid gjennom rådet for personar med nedsett funksjonsevne skal styrkjast.
- Informasjon om rådet må verta betre.

5. Bustad

"Sosialtenesta skal medverka til å skaffa bustader til personar som ikkje sjølv kan ivareta sine interesser på bustadmarknaden, inklusive bustader med særleg tilpassing og med hjelpe- og vernetiltak for dei som treng det på grunn av alder, funksjonshemming eller av andre årsaker."
(Lov om sosiale tenester kap. 3, § 3-4)



Plan- og bygningslova har føresegner om tilgjenge. Ved revisjon av 1998 omfattar det offentleg bygg og andre bygg kor publikum har tilgang og offentlege utemiljø. Ved å ha ei medveten haldning i planlegging av bustadområde om universell utforming, vil mange få ein betre situasjon i høve til fysiske hindringar i bumiljøa.

Bustadsosial handlingsplan for Samnanger vart vedteke av kommunestyret februar 2008. Med denne planen får kommunen ein oversikt over behovet for tilrettelagde bustader dei næraste åra. Planen skal omfatta dei fleste grupper som har vanskar med å skaffa seg bustad.

Ein del personar med nedsett funksjonsevne har så omfattande hjelpebehov at dei må ha tilgang på kvalifisert hjelp heile døgnet. Dei vil derfor ha bruk for bustader med heildøgns bemanning eller med tilgang til natteneste. Bustader for personar med behov for dei mest omfattande hjelpetilboda vil verta omfatta av denne planen. Bustader for andre personar med nedsett funksjonsevne vert omfatta i bustadsosial handlingsplan.

I planarbeidet har me lagt til grunn eit bustadbehov i og i tilknytning til ein omsorgsbaser med heildøgnsbemanning for 12 personar, av desse minimum 8 i omsorgsbasen. Desse brukarane er ikkje ei einsarta gruppe med omsyn til grad av funksjonshemming eller trong for hjelp, noko som må takast omsyn til i planlegginga vidare.

Vurderingane våre tilseier at det er problematisk å få dette til i eksisterande miljø på Skottebakken. I planen vert det føresett at det vert etablert eit nytt senter, m.a.o. at det vert bygd opp eit tilbod frå botnen av når det gjeld det bygningsmessige.

Følgjande krav må leggjast til grunn ved val av areal for bygging av slike bustader:

- Universell utforming både av bygningane og nærområdet.
- Bustadene må byggjast i gangavstand til butikk, off. transportmiddel, bank, post og liknande.
- Det må vera rom for å utvida bustadmassen på same arealet – me må byggja for framtida.

Mål for bustad:


- Det skal finnast eit differensiert tilbod på bustader for personar med nedsett funksjonsevne. Det inneber m.a.
 - ordinære bustader med livsløpsstandard
 - at personar med nedsett funksjonsevne sjølve kan byggja og eiga eigen bustad
 - omsorgsbustader som er særleg tilrettelagt for personar med nedsett funksjonsevne
 - buformer med heildøgns omsorg og pleie

Tiltak:

- I kommunalt tilrettelagde bustadfelt skal det leggjast til rette for bustader i ulike storleiker og prisklasser.
- Samnanger kommune skal etablere eit større bufellesskap med heildøgns tilsyn og omsorg der det vert lagt på universell utforming av buområdet og nærområdet.
- I tilknytning til bufellesskapet skal det avsetjast areal til bustader for personar med nedsett funksjonsevne med avgrensa trong for tilsyn.

6. Opplæring

Retten til opplæring på grunnskulenivå, vidaregåande opplæring og retten til opplæring for vaksne på grunnskule- og vidaregåande nivå er lovfesta (Opplæringslova 1998, § 1-1). Integrering har vore eit uttalt mål i norsk skule sidan 1975. St.meld.nr 23 (1997-98) *Om opplæring for barn, unge og vaksne med særskilde behov* viser den spesialpedagogiske tiltaksjeda og det statlege støttesystemet.



6.1. Grunnskule og vidaregåande skule

Alle har retten til fri grunnskule og plikt til opplæring i Noreg. Slik også for dei funksjonshemma. Kommunen har ansvaret for grunnskuleopplæringa og Fylkeskommunen har ansvar for vidaregåande opplæring.

Personar med nedsett funksjonsevne vert så langt råd er integrert i ordinære skular. Dei har krav på tilpassa undervisning og tilrettelagde tilhøve slik at dei kan nyttiggjera seg læringa sett i høve til den funksjonshemminga dei har.

Elevar i Samnanger kommune må reisa til nabokommunane for å ta ut sitt tilbod om vidaregåande opplæring. Dei nyttar seg av m.a. skular i Kvam, Fusa eller Bergen.

6.2. Vaksenopplæring

Kommunen har også ansvar for vaksenopplæringa. Dette er heimla i Vaksenopplæringslova av 1976 og Opplæringslova av 1998, Kap. 4A . Samnanger kommune har utarbeidd ein vaksenopplæringsplan som vart vedteken i Utval for oppvekst og omsorg 05.06.02.

Denne planen omfattar tilbod til alle grupper vaksne som av ein eller annan grunn ikkje har fått den opplæringa dei skulle hatt, eller treng vedlikehald av tidlegare innlært kunnskap / eigenskap.



I Vaksenopplæringsplanen heiter det mellom anna:

Spesialundervisning for vaksne kan gjelda:

- *Opplæring for vaksne som ikkje har eller ikkje kan få tilfredsstillande utbyte av det ordinære opplæringstilbodet for vaksne.*
- *Opplæring for vaksne som har særlege behov for å kunna utvikla eller halda ved like grunnleggjande dugleikar.*
- *Fornya grunnskuleopplæring for vaksne som på grunn av skade, sjukdom , funksjonshemming eller yrkestap har trong for ny innlæring av basiskunnskap.*

Det er eining for pleie og omsorg som sit med ansvaret for å kartleggja trongen for vaksenopplæring hjå personar med nedsett funksjonsevne. Dette skjer gjennom planlegging på individnivå (individuelle planar). Administrasjonssjefen er delegert ansvaret med å gjera vedtak etter at det er utarbeidd ei grunngeving for søknad om ressursar samt ein individuell opplæringsplan.

Organisering av tilbodet kan skje ved at brukaren får opplæring av spesialpedagog anten åleine eller i små grupper. Kommunen kan også velja å organisera opplæringa ved at ein spesialpedagog utarbeider eit pedagogisk opplegg der andre tilsette gjennomfører opplæringa med rettleiing frå spesialpedagogen.

Mål for opplæring:

- Kommunen skal aktivt tilby tilpassa opplæring for brukargruppa
- Brukaren skal takast aktivt med i utforminga av individuell opplæringsplan
- Opplæringstiltak og andre dagaktivitetar skal samordnast best mogleg

7. Arbeid og aktivitetar på dagtid

For å nå målet om at personar med nedsett funksjonsevne skal få eit verdig og meningsfullt liv, vil det vera viktig å gje tilbod om arbeid og/eller dagaktivitet som er tilpassa kvar enkelt si yteevne. For at funksjonshemma skal kunne delta i den ordinære arbeidsmarknaden vil det ofte vera trøng for tekniske hjelpemiddel og spesialtilpassa utstyr. Desse finst, men det må ofte mykje arbeid for å finna fram til dei. Fleire undersøkingar viser at mange personar med nedsett funksjonsevne er sterkt motivert for utdanning og arbeid, men at det også er dei som lett gir opp på vegen.



I NOU nr. 8 / 2005 (”Likeverd og tilgjengelighet – rettslig vern mot diskriminering på grunnlag av nedsatt funksjonsevne. Bedret tilgjengelighet for alle.”) er det kome framlegg om ein ny bestemmelse i Sosialtenestelova om meningsfylt dagaktivitet for personar med nedsett funksjonsevne.

§ 4-2, pkt. e) lyder slik:

De sosiale tjenester skal inneholde:

....”meningsfylt dagaktivitet for personer i yrkesaktiv alder som på grunn av kognitive eller sammensatte funksjonsnedsettelse ikkje kan delta i alminnelig yrkesmessig aktivitet eller varig tilrettelagt arbeid”

7.1. Arbeid i den ordinære arbeidsmarknaden

Gjennom NAV finst det ein del ulike tilskotsordningar som kan nyttast for å få funksjonshemma integrert i den ordinære arbeidsmarknaden. Det



lokale NAV- kontoret vil gje råd og rettleiing og også søkja og finna arbeidsplassar som vil passa for den einskilde. Funksjonshemming er i denne planen definert som ein varig situasjon, og det må derfor inn med varige støtteordningar frå det offentlege om ein skal få integrert ein del av dei funksjonshemma i den ordinære arbeidsmarknaden.

7.2 Arbeidsrelatert aktivitet

Menneske med nedsett funksjonsnivå utgjer ei svært ueinsarta gruppe også når det gjeld føresetnader for deltaking i arbeidslivet.

VTA - varig tilrettelagd arbeid i arbeidssamvirke.

Formålet med VTA er å skapa varige arbeidsplassar til yrkeshemma som ikkje kan gjera seg nytte av andre arbeidstilbod. Grunnlaget for sysselsettingen skal baserast på framstilling av varer og tenester for den ordinære marknaden. Sysselsettingen skal hjelpa til å kvalifisera og utvikla ressursar hos dei yrkeshemma. For å få plass i VTA må ein anten vera uføretrygda eller at ein reknar med å få innvilga uføretrygd

Me saksar frå Storeholmen (VTA-verksemd i Kvam Herad) si heimeside:

A/S Storeholmen VTA tilbyr varig tilrettelagt arbeid og attføring for personar som treng slik tilrettelegging og arbeidstrening.
Arbeidet skal bidra til å utvikla ressursar hos den einskilde arbeidstakar.
Inntak og evaluering av arbeidssøkjarar vert handsama av Attføringsutvalet i verksemda.
Overgang til andre tiltak eller ordinært arbeidsliv skal heile tida haldast open.
Verksemda er organisert som eit aksjeselskap der eigarane er Kvam herad, Hordaland Fylkeskommune, Samnanger kommune og Kvam og Jondal lag av NFU.

Samnanger kommune har vurdert å få etablert slik verksemd i kommunen, men me har kome til at me har for få brukarar til at det kan forsvarast både med tanke på kostnad og ut frå at det sosiale miljøet for arbeidstakarane vert for lite.

Det finst to slags VTA-arbeidsplassar. Den eine er finansiert med 25 % bidrag frå kommunen og resterande frå staten ved arbeidsdirektoratet. Her er det sett krav til effektivitet og produktivitet. Samnanger kommune nyttar seg av VTA-arbeidsplassar for fleire personar med nedsett funksjonsevne i ulike VTA-bedrifter. Få av våre brukarar i dag kan yta så mykje i produksjonen at dei kjem inn under ordinær VTA plass, noko som inneber at kommunen må ta heile kostnaden med arbeidsplassane.

Når det gjeld **transport** av rullestolbrukarane, vert desse kostnadene refundert frå Hordaland Fylkeskommune. Brukarane betaler ein eigendel til transporten. Dei arbeidstakarane som kan nytta kollektiv transport, betalar dette sjølv. Dei personane som må nytta drosje til arbeidsplassen, får dekka desse utgiftene frå Hordaland Fylkeskommune etter søknad.

7.3 Aktivitetar på dagtid

For menneske er det grunnleggjande å ha ei eller anna form for tilhøyring der ein føler at ein er til nytte. Om ikkje kvar enkelt kan produsera noko, så kan dei i alle fall vera med i den sosiale



samanhengen som er så viktig. Også i høve til å nyttiggjera seg opplæring, er det viktig å delta i aktivitetar. For dei personane med sterkest nedsett funksjonsevne som ikkje greier å delta i eit tilrettelagt arbeid, må det vera andre måtar å ta del i samfunnet på.

I Samnanger gjeld dette ikkje mange personar, og me ser for oss at behovet bør dekkjast i eit senter. For å få nytta ressursane maksimalt bør det etablerast eit dagsenter i eller i tiknytning til eit bufellesskap. Bemanninga kan då både nyttast av bebuarane som er heime og i aktivitetane på dagsenteret.

Eit dagsenter må ha:

- Eigna lokale på ei golvflate som må innehalda: arbeidsrom, kvilerom, toalett og badrom, kjøkken og garderobeplass. Desse lokala må også kunna nyttast på kveldstid og helg.
- Personale med fagkompetanse på område.

Mål for arbeid/dagaktivitetar:

- Fleire arbeidsplassar vert tilrettelagde for funksjonshemma både i kommunal og i privat regi
- Funksjonshemma som fell utanfor den ordinære arbeidsmarknaden og arbeidsmarknadstiltak skal få eit meningsfylt tilbod på dagtid.

8. Fritidsaktivitetar

Mange personar med nedsett funksjonsevne manglar ofte sosialt nettverk ut over den næraste familien. Dei har gjerne ikkje evne sjølve til å ta initiativ til å skaffa seg nye vener eller vedlikehalda eit venskapstilhøve. Dette gjer at mange personar med nedsett funksjonsevne kjenner seg einsame, og det skaper igjen grobotn for vantrivsel.

Fysiske tilhøve er og med å skapar problem for funksjonshemma når dei vil ta del i det ordinære lagslivet.

Meiningsfull fritid er viktig for alle ikkje minst med tanke på førebygging av psykiske lidingar som angst og depresjonar. For å stimulera til ei meir meningsfull fritid kan ein nytta fleire verkemidlar.

8.1 Støttekontakt/fritidskontakt.

I følge Lov om sosiale tenester § 4.2 pkt. c er det heimel for å gje støttekontakt til personar som har trong for dette pga nedsett funksjonsevne, alder eller sosiale problem.

Ein støttekontakt/fritidskontakt kan vera med på å:

- Bryta eit isolert tilvære
- Få nye opplevingar, kontaktar
- Få nær kontakt med ein stabil og trygg vaksen person
- Førebyggja sjukdomsutvikling
- Gje ei meir meningsfull fritid



I Samnanger kommune har ein nytta ordninga med støttekontakt gjennom mange år, og me freistar stadig å forbetra tenesta. Eining for pleie og omsorg v/ koordinator for funksjonshemma er tillagt ansvaret med å gjera vedtak om tildeling av støttekontakt for denne gruppa av tenestemottakarar. Likeins skal eininga følgja opp med rettleiing av støttekontaktane og sjå til at støttekontakttimane vert brukte slik at dei tener føremålet best. Eininga skipar også til fellesmøte for støttekontaktane slik at dei får koma saman og diskutera felles utfordringar.

Det er problematisk å skaffa nok støttekontaktar. Det er helst ungdom under utdanning som tek slike oppdrag. I dei fleste tilfelle ser me det som heilt avgjerande for å få til eit godt støttekontakttilbod at dei som vert tilsette som støttekontaktar må vera over 18 år og ha førarkort. Utfordringa vår vert å få fatt i personar i ulike alder og personar som ynskjer å vera støttekontakt over lengre tid.

8.2 Deltaking i ordinære fritidstilbod

Det er eit mål at personar med nedsett funksjonsevne i størst mogeleg grad deltek i det ordinære organisasjonslivet i kommunen. Det er ei stor utfordring både for organisasjonane, for den aktuelle brukaren og for dei pårørande. Til ein viss grad kan ein nytta støttekontaktar for å få funksjonshemma integrert i det ordinære lagsarbeidet.



I kulturskulen er det laga til tilpassa opplegg for einskilde barn og unge med funksjonshemmingar. Me ser også at ved å planlegga tilbodet i kulturskulen med tanke på integrering av fleire funksjonshemma har me moglegheit for å nytta ”dei opne onsdagskveldane” i enda større grad for å få dei inn i fritidsaktivitetar saman med andre ungdommar.

Samnanger kommune har innført **fylgjekort for personar med nedsett funksjonsevne** (ei nasjonal ordning). Det inneber at dersom ein person med nedsett funksjonsevne ynskjer å reisa eller delta på kulturarrangement, har han som følgjer rett på rabatt på arrangement og / eller reisa. Dette gjeld både i og utanfor kommunen.

8.3. Fritidstilbod tilrettelagd for personar med nedsett funksjonsevne

Me har i ein kort periode prøvt ut eit eige tilbod til personar med nedsett funksjonsevne. Oppmøte på klubbkveldane varierte, og konklusjonen vart at brukargruppa i kommunen er for lite homogen til at me vil fortsette med desse klubbkveldane. Det må likevel arbeidast aktivt for at det vert laga til arrangement av ulike slag som rettar seg primært mot denne målgruppa. Dette vil verta teke omsyn til ved etablering av nytt senter.

Det finst også organisasjonar i nabokommunane t.d. Kvam og Bergen som har tilrettelagde tilbod for denne gruppa menneske. Utfordringa for kommunen vert å leggja til rette slik at dei som ynskjer det kan ta del.

8.4. Ferie

På lik line med funksjonsfriske treng også personar med nedsett funksjonsevne eit ferietilbod. For å bryta rutinemessige kvardagsaktivitetar, treng også denne gruppa å få opplevingar som er litt utanom det vanlege. Positive opplevingar fungerer også



som eit godt førebyggjande helsetiltak. For heimebuande vil også eit ferieopphald i mange høve fungera som ei god avlastning for pårørande / omsorgspersonar.

Stram kommuneøkonomi gjev store utfordringar, men organisering av tilbod om ferieopphald vil vera ein naturleg del av kommunen sine oppgåver.

Mål for fritidsaktivitetar:

- Rekruttera fleire vaksne støttekontaktar.
- Gje god opplæring til støttekontaktane.
- Organisera ferietilbod
- Gjennom samarbeid med friviljuge lag og organisasjonar få fleire personar med nedsett funksjonsevne aktivt med i lagsarbeid.

9. Ulike ordningar

9.1 Brukarstyrt personleg assistent

Brukarstyrt personleg assistent (BPA) er ei relativ ny teneste. Kommunane er pålagt å ha BPA som ein del av tenestetilbodet sitt. BPA er ei form for organisering av praktisk og personleg hjelp som inneber at brukaren får større innverknad på organiseringa og innhaldet i høve til behova sine.

Ordninga er f.t ikkje i bruk i Samnanger, og på landsplan er den lite brukt av personar med utviklingshemming eller andre kognitive funksjonsnedsettingar. Det er gjort framlegg om å innføra ei ordning med "personleg assistent" der brukaren i noko mindre grad får ansvar for organiseringa.


Erfaringane med BPA er at ordninga har ført til større sjølvbestemmelse, auka likeverd og høgare livskvalitet. I Samnanger kommune vil me vera merksam på ordninga, og tilby den til dei som vil kunne dra nytta av den.



9.2 Hjelpemiddel

Kommunen har ansvaret for, og er den viktigaste koordinerande aktøren i formidling av hjelpemiddel. Kommunen kan få hjelp frå hjelpemiddelsentralen på område der den ikkje har tilstrekkeleg kompetanse.

Kommunefysioterapeuten er kontaktperson for hjelpemiddelsentralen.



Mål:

- Samnanger kommune skal aktivt tilby brukarstyrt personleg assistent til brukarar som kan gjera seg nytte av den.
- Samnanger kommune skal vera oppdatert om aktuelle hjelpemiddel.

10. Handlingsplan

Samnanger kommune si største utfordring på kort sikt er å få på plass eit senter som både tilbyr bustader med heildøgns tilsyn og pleie og dagaktivitetar.

Slik me vurderar det er ikkje senteret på Skottebakken egna til å byggja ut, noko som tilseier nybygg. Dette er ei stort økonomisk løft, samstundes som det vil gje oss moglegheit til å gje brukargruppa eit differensiert tilbod. Me vil også få nytta dagens bemanning på ein betre og meir effektiv måte. Med å samla tilbodet vil me og få moglegheit til å styrkja den faglege kompetansen.

I Samnanger er det trong for bustader med heildøgns tilsyn og hjelp til 6 personar i dag, og i løpet av dei komande 4 åra vert behovet auka til 7 – 8 personar. Det er vidare trong for areal i nærleiken av senteret som er øyremerkja for bustader til personar med ei viss trong for tilsyn og hjelp.

I tillegg til at senteret vil vera eit tilbod til dei med størst hjelpebehov, vil me her kunne byggja opp eit senter der det kan skje aktivitetar for mange av dei andre i brukargruppa. Me tenkjer då særleg på fritidsaktivitetar på kveldstid. Me vurderar det slik at dette senteret må få fokus i denne handlingsplanen, og at andre tiltak må leggjast på vent i den grad dei ikkje kan løysast med eksisterande ressursar. Me vil likevel kunna arbeida for m.a. å

- få til betre informasjon om rådet for personar med nedsett funksjonsevne både blant dei funksjonshemma sjølve, dei pårørande og kommunestyret
- få til auka fritidsaktivitet
- jobba for å få fleire støttekontaktar og følgja desse opp
- verta betre på tilbodet til den einskilde
- større grad av universell utforming av buområde og offentlege område og bygningar
- vera pådrivar for at det vert bygd bustadar som både fysisk og økonomisk er tilpassa personar med nedsett funksjonsevne
- få organisert/etablert ferietilbod både til bebuarane i kommunale bustader og for heimebuande

Større tiltak	Merknad	Tidsplan
Avklaring av behovet for heildøgnssteneste og andre type tenester lokalisert til eit senter	Dei med behov for hjelp og tilsyn heile døgeret vert prioriterte.	2008
Etablering av eit senter for personer med nedsett funksjonsevne <ul style="list-style-type: none">• Utpeiking av areal• Regulering til føremålet• Planlegging av senteret	Senteret skal innehalda både bueiningar og dagsenter. Bueiningane kan vera eigd av bebuarane	2008 - 2009
Bygging av senteret		2009
Bemanning av senteret	Eksisterande bemanning på dei to sentra vert overført. Trong for auka ressursar vil vera avhengig av kva funksjonar som skal ytast ved senteret. Tidsplan avhengig av byggetid og budsjett.	2010